

Ein toppdag då Baroniløpet gjenoppstod.

24.04.2016



Dei yngste gjer seg klar til start.

(NO ER RESULTATA LAGT UT.) Det vart både folkefest og idrettsfest då Baroniløpet vart arrangert att etter over 20 års pause søndag ettermiddag. Heile 150 deltakarar stilte til start, og ramma rundt løpet kunne ikkje vore betre med strålende vårver, flotte løyper i vakre omgjevnader og mykje folk både på deltakarlista og blant publikum.



Stort felt med seniorar og juniorar.

Sjølv om arrangørane fekk utfordringar med høgt deltakartal, og mange som ikkje hadde meldt seg på via nettet på førehand, kom dei godt frå arrangementet. Avviklinga gjekk greitt og både løparar og publikum kosa seg. Det var mange sterke felt og mykje god løping. Senior- og juniorfeltet hadde denne gongen samla det meste av sterke løparar frå kommunen og talde over 20 løparar. I dei ulike aldersklassane var det mange som sprang fort. Som vanleg gjorde Uskedalsjentene det svært godt i 14 årsklassen. Både Thea Taranger og Amalie Hovden Rød gjorde gode løp. Likevel var Hanna Tvilde suveren vinnar. Ho sprang styggfort! I dei andre klassane var det også mange som imponerte, men med store startfelt var det vanskeleg for undertekna å få oversikt. Derfor viser eg til [resultata](#). [Dei finn de her på UIL si heimeside](#).

Neste løp i terrengløpskarusellen er SPAR-løpet som vert arrangert her i Uskedalen onsdag 4.mai. Det er blitt eit svært populært løp, og arrangørane oppfordra alle til å melda seg på via UIL si heimeside. Det gjer det mykje lettare for arrangørane, og løpet vert avvikla raskare. Så det er berre [å klikka seg inn her og melda seg på](#).



Mange flinke Uskedalsgutar i dette feltet.



Eit av dei mange store startfelta.



Amalie Hovden Rød gjorde eit godt løp.



Fem flinke jenter pustar ut. Thea Taranger, Amalie H. Rød og Hanna Tvilde er frå Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland